

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
100/15	Plan- og miljøutvalet	PS	10.06.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Trude Langedal	14/2127

## Reguleringsplan Apalen Sør gbnr 202/1 mfl., justering av plankart

### Vedlegg:

Apalen\_Sør\_illplan\_20141021Apalen\_Sør\_regplan\_20141021Apalen\_illustrasjonsplan\_20150414Apalen\_Sør\_regplan\_20150414

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan – og bygningslova § 12-12, godkjenner Plan- og miljøutvalet reguleringsplan for Apalen Sør, gbnr 202/1 m.fl. med dei endringane som er gjort for å tilpassa plankartet til reguleringsplan for Helleåsen bustadområde gbnr 202/3 mfl

### Plan- og miljøutvalet - 100/15

#### PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### PM - vedtak:

I medhald av plan – og bygningslova § 12-12, godkjenner Plan- og miljøutvalet reguleringsplan for Apalen Sør, gbnr 202/1 m.fl. med dei endringane som er gjort for å tilpassa plankartet til reguleringsplan for Helleåsen bustadområde gbnr 202/3 mfl

#### Saksopplysningar:

## **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet



### **Bakgrunn**

Etter at reguleringsplan for Apalen sør vart godkjent i kommunestyret den 19.02.2015 vart plankartet lagt inn i felles plandatabase. Der viste det seg at Apalen sør planen var ikkje heilt tilpassa naboplanen, nokre stadar var det overlapp mellom dei to planområda og nokre stadar låg dei ikkje kant – i kant. Dette er ikkje oppdaga tidlegare i planprosessen, verken av plankonsulentane eller administrasjonen. Det kan skyldast at planprosessane delvis har gått parallelt og at det siste planframlegget ikkje har vorte sendt til forslagstillar og at kommunen først fekk tilsendt digitale data for Helleåsen planen våren 2015.

Naboplanen er Helleåsen bustadområde gbnr 202/3 mfl, der utbetring av tilkomstveg for bustadområda med møteplassar og nytt fortau er regulert.

Apalen sør er den nyaste reguleringsplanen og gjeld føre Helleåsen dersom det ikkje er samsvar mellom planane. For å rette opp i dette er plankartet for Apalen sør endra.

Kartutsnitta nedanfor viser manglande tilpassing av Apalen sør i forhold til Helleåsen.



Apalen sør

Helleåsen



Ikke samsvar ved møteplass,

Planavgrensinga er ikkje tilpassa, gliper mellom planområde

Ikke samsvar ved møteplass

Samanstilling av Apalen sør og Helleåsen

## Vurdering

Administrasjonen meiner at det er svært viktig at plankartet samsvarer med naboplanen når området skal byggast ut, slik at det ikkje er tvil om kva løysning som skal leggjast til grunn for byggjeplanane. Det er små justeringar det er snakk om og plankonsulent har retta opp plankartet slik at dette no samsvarer med Helleåsplanen. Endringane gjeld berre plankart og illustrasjonskart og medfører ikkje endring av innhaldet i planen. Administrasjonen vil tilrå at justert plankart og illustrasjonsplan datert 14.04.2015 erstattar vedteke plankart og at endeleg vedtak i saka vert fatta av Plan- og miljøutvalet.

.....